

Referat styremøte

Stad: Sandane
Dato: Tysdag 25. februar kl 1000 - 1400

Styret møttester på Gloppen Hotell

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Rune Hegrenes (frå ____), styremedlem Siri Sandvik, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset, varamedlem Hege Lothe (frå kl 1200).

Fråfall: Nestleiar Gunhild Berge Stang

Frå administrasjonen:

Leiargruppa: Janne Gimmestad, Thomas Walle, Synnøve Bjørset, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim

Orienteringar i møtet:

Byggeprosjekta, Tinghuset og Holvikejekta
Vedtektsendring

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Vedlegg:

Saker til handsaming:

- Sak 1/2025:** Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2/2025** Referat frå styremøte 22. november og 20. desember 2024
- Sak 3/2025** Sjukefråvær 2024
- Sak 4/2025** Besøktal 2024
- Sak 5/2025** Rekneskap og årsmelding 2024
- Sak 6/2025** Aktuelle konsolideringssaker (orienteringssak)
- Sak 7/2025** Jakob Sande – senter for forteljekunst
- Sak 8/2025** Dato for rådsmøte 2025
- Sak 9/2025** Styregodtgjersle 2025 (orienteringssak)
- Sak 10/2025** Medarbeiderundersøking januar 2025



Sak 1/2025: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 2/2025 Referat frå styremøte 22. november og 20. desember 2024

Vedtak:
Referatet frå styremøte 22. november og 20. desember 2024 blir godkjent

Sak 3/2025 Sjukefråvær 2024 Silje Guddal/Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma:

Sjukefråvær er ikkje berre ein viktig peikepinn på helsa og frammøtet til dei tilsette, det er også ein indikator på kor «frisk» organisasjonen er.

Bakgrunn:

Sjukefråværet i MiSF er relativt stabilt i fjerde kvartal samanlikna med tredje kvartal i 2024. Det er ei lita auke på korttidsfråværet. I tillegg har langtidsfråværet redusert seg til same nivå som i Q2, etter ei lita auke i Q3. Fråværet er lågt og tilfredsstillande.

Grunna nye sjukmeldingar i Q4 og litt auke i korttidsfråvær i same periode går totalfråværet noko opp frå 3,79% i Q3 til 3,94% i Q4.
Status per 18.02.2025 er ein nedgang i sjukefråværet.

Drøfting:

Vi vurdere sjukefråværet som

Type fråvær	Fråvær Q4	Fråvær Q3
Eigenmelding	1,13	0,93
Sjukemelding <16 dagar	0,65	0,49
Korttidsfråvær (eigenmeldt + sjukemelding <16)	1,77	1,42
Sjukemelding > 16 dagar	2,16	2,37
Totalfråvær	3,94	3,79



Løpande siste 12 måneder

18.02.2024 – 18.02.2025

Type frávær	Frávær i %	(31.12.2024)
Eigenmelding	1,09	(1,12)
Sjukemelding < 16 dg	0,51	(0,65)
Korttidsfrávær (eigenmeldt + sjukemelding < 16)	1,59	(1,77)
Sjukemelding > 16 dg	2,27	(2,16)
Totalfrávær	3,86	(3,93)

Velg linjer som skal vises i grafen


☐ Virksomhet: MUSEA I SOGN OG FJORDANE NORSK KVERNSTEINSENTER

☒ Overordnet enhet: STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

☒ Bransje: Drift av biblioteker, arkiver, museer og annen kulturvirksomhet

☒ Sektor: Kommunal forvaltning

☒ Norge



Sidan vi har god oppfølging og kontroll med Leinga er mest oppteken av

Konklusjon:

Vedtak:

Styret tek informasjonen til vitende

Sak 4/2025

Besøktal 2024

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma:

Styret skal vere godt informert om publikumstal og interesse for musea




Drøfting:

Vi viser til oppsummeringa i årsrapporten, men gir att tala her:

BESØKSSTATISTIKK FOR MUSEA I SOGN OG FJORDANE

BESØKSSTAD	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Anders Svor Museum	758	491	774	688	863	0	0	0	0	0
Astruptunet	3 001	4 505	4 793	4 311	3 429	5 548	4 755	3 263	4 059	7 453
Eikaasgalleriet	1 113	1 744	1 866	1 161	1 078	790	804	640	589	1 206
Sogn Kunstsenter	5 779	533	511	522	610	0	505	1 694	2 254	3 384
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	8 061	7 081	6 926	6 171	6 845	3 741	4 969	5 453	8 601	5 683
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	8 231	6 265	7 949	10 781	8 803	2 824	3 936	6 147	4 291	4 546
Nordfjord Folkemuseum	9 352	9 611	8 817	6 335	7 537	3 009	2 499	2 880	2 888	3 982
Norsk Kvernsteinsenter	2 403	2 332	3 243	3 141	3 072	1 275	2 787	1 009	2 497	2 680
Norsk Reiselivsmuseum	0	5 509	5 881	7 318	4 948	2 549	3 545	6 414	7 770	10 381
DHS – Sogn Folkemuseum	13 810	17 777	18 036	17 365	15 511	4 800	6 034	8 325	9 735	10 999
Sogn Fjordmuseum						*	794	0	857	1 346
Sunnfjord Museum	8 576	7 966	8 034	6 501	4 844	2 054	3 031	3 345	4 112	4 273
Vågsberget						*	419	215	806	1 301
Haugefisk										434
SUM PR. ÅR	61 084	63 814	66 830	64 294	57 540	26 590	34 078	39 385	48 459	57 668

*Ikkje egne tal for Vågsberget og Sogn Fjordmuseum før 2021 (ligg under tal for Kystmuseet og DHS – Sogn Folkemuseum)



Oppsummering og konklusjon:

Besøktstala er tilbake på nivå med 2019, året før pandemien. Målet om 70 000 besøkande innan 31. desember 2026 står fast, og vi er akkurat på nivå med denne målsetjinga. Det vil krevje hardt arbeid og mykje merksemd mot temaet for å komme dit, men det verkar som om alle sluttar opp om målet.

Vedtak:

Styret tek besøktstala til vitende



Sak 5/2025 Rekneskap og årsmelding 2024
Janne Gimmestad

Konklusjon:

Driftsresultatet på -4 480 917 er nokså nært budsjettet på -4 444 931, men 706 286 betre enn prognosen frå august. Det siste skuldast ein god del høgare inntekter, 2 400', og noko høgare kostnader 1 710'. Begge deler har med prosjektinntekter å gjere, som ikkje var tatt høgde for i prognose eller budsjett.

Vedtak:

Styret vedtek den framlagde resultatrekneskapen med totale inntekter på 75 972 534 kr med tilhøyrande driftskostnader på 80 453 452 og eit driftsunderskot på kr 4 480 917. Inklusiv finanspostar vart resultatet eit underskot på 2 329 529 kroner som er dekt av annan eigenkapital. Vidare vedtek styret balanserekneskapen med ein totalbalanse på 103 438 733 kroner og ein negativ kontantstraum. Styret vedtek framlagd årsmelding for 2024.

Sak 6/2025 Aktuelle konsolideringssaker (orienteringssak)
Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma:

Vi har motteke to førespurnader om å ta over anlegg eller bli konsolidert inn i MiSF på slutten av 2024. Dette er ei orientering til styret om desse sakene.

Konklusjon:

Otternestunet er for umoge som prosjekt og bør avvisast. Når det gjeld Gulatinget bør vi kunne komme tilbake til saka dersom dei maktar å ruste opp satsinga.

Vedtak:

Styret stør direktøren sine vurderingar. Styret ber direktøren gi melding til interessentane omkring Otternestunet om at det ikkje er aktuelt å konsolidere dette kulturmiljøet i MiSF. Vidare ber styret om at direktøren gir melding til Gulatinget om at MiSF ynskjer å komme tilbake til saka etter ei fagleg styrking og økonomisk opprusting.

Sak 7/2025 Jakob Sande – senter for forteljekunst
Jan Heggheim

Kvifor vert saka fremma:

Styret har tidlegare gjort følgjande vedtak i saka:



Sak 16/2022 Konsolidering «Senter for forteljekunst», Jakob Sande-selskapet

Vedtak:

Musea i Sogn og Fjordane går vidare med drøftingane med Jakob Sande – Senter for forteljekunst. Styret tek seinare stilling til ein eventuell driftsavtale.

Sak 52/2022 Jakob Sande – Senter for forteljekunst (orienteringssak)

Sakshandsamar: Jan Heggheim

Kort oppsummert er dei viktigaste punkta:

- MiSF ynskjer ikkje å gå inn på ein avtale som inneber ein prøveperiode, men opnar for at avtalen kan seiast opp dersom han etter ei evaluering kan seiast å ikkje fungere etter intensjonen.
- MiSF meiner det er naturleg å overta bygningane, men dette er ikkje eit absolutt krav. Det fører mellom anna til at det ikkje kan søkjast midlar frå Fortidsminneforeningen, og det også slik at museum ikkje kan søkje på midlar frå post 75 i statsbudsjettet.
- MiSF må vere nokså trygge på at departementet er villige til å finansiere aktiviteten til Jakob Sande – Senter for forteljekunst før vi konsoliderer.

Vedtak:

Styret tek utkastet til driftsavtale til orientering, og ber om å få endeleg avtale til handsaming i februar 2023. Ein driftsavtale må danne grunnlag for budsjettsoknad 2024.

I brev dagsett 18. desember blir Jakob Sande selskapet (JSS) tildelt 1 million kr i eingongstilskot frå **statsbudsjettet 2024**.

Isolert sett, saman med tilskot frå fondet etter Fjaler Sparebank, er JSS i ein langt betre økonomisk situasjon enn sist styret hadde saka oppe. Vi er difor samde om å fremme saka på nytt i begge styra.

Bakgrunn:

Heile tanken bak konsolideringa av musea har bakgrunn i eit stort tal einingar som fekk pengar over statsbudsjettet. Midt på 90-talet var der mellom 600 og 800 einingar med mindre enn tre tilsette i gjennomsnitt. Sidan dess har staten vore klare på at dei ikkje betalar ut støtte til slike små einingar. Nye initiativ må finne seg ein partner å slå seg saman med. Dette har vore ein klar føresetnad frå fleire år tilbake, det er formelt MiSF som tek i mot statstilskotet til JSS. I praksis er dei ei eining som får midlar direkte frå KUD. I tildelingsbrevet i desember 2024 står det tydeleg at:

«Eingongstilskotet skal leggja til rette for ein framtidig konsolideringsprosess mellom Jakob Sande-senteret og Musea i Sogn og Fjordane»

Direktøren har hatt samtaler med Rakel Solheim Wilhelmsen i JSS, og vi er samde om å ta saka opp att i dei respektive styra.

Drøfting:

Leiargruppa har drøfta saka, og har ikkje vesentlege merknader til at vi går vidare. Ho har vore drøfta før, mellom anna organisatorisk tilknytning. Meir om det seinare.

Styret i JSS skal ha møte litt ut i februar, og vil drøfte saka då. Det er naturleg å ta fram att intensjonsavtalen, som ligg vedlagt her.

Det er rimeleg å spørje kva MiSF har att for ei konsolidering, difor tillet eg meg å ta med det viktigaste frå eit notat frå mars 2023:



Jakob Sande

Sunnfjorddiktaren har ein sterk regional profil og nasjonalt potensial. Det er difor eit mål i seg sjølv å delta i bevaring og utvikling av Jakob Sande som kulturell institusjon. Det er sårt for mange at vi ikkje har makta dette godt nok. Dette er såleis eit argument i seg sjølv, men er ikkje ein tydeleg del av samfunnsoppdraget til MiSF.

Immateriell kulturarv

Eit element som definitivt er ein del av samfunnsoppdraget, er å ta vare på immateriell kulturarv. Dette gjer vi gjennom dokumentasjon av arbeidsteknikkar, men også gjennom formidling av viktig historie.

UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 formulerer det slik:

«[...] praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap, ferdigheter – samt tilhørende instrumenter, gjenstander, kulturgjenstander og kulturelle rom - som samfunn, grupper, og i noen tilfeller, enkeltpersoner anerkjenner som en del av sin kulturarv. Denne immaterielle kulturarven, som er overført fra generasjon til generasjon, blir stadig gjenskapt av samfunn og grupper i forhold til deres miljø, i samspill med naturen og med historien og gir dem en følelse av identitet og kontinuitet, noe som fremmer respekt for kulturelt mangfold og menneskelig kreativitet. I forbindelse med denne konvensjonen tas kun i betraktning immateriell kulturarv som er forenlig med de eksisterende internasjonale menneskerettighetsinstrumentene og med kravene om gjensidig respekt mellom samfunn, grupper og enkeltpersoner samt en bærekraftig utvikling.» [4]

Forteljekunst let seg etter mi oppfatning lett definere i denne samanhengen. Det er altså mogleg å seie at ei konsolidering vil vere eit steg i retning av å ha eit senter som tek opp i seg å bevare, formidle og utvikle kunnskap om immateriell kulturarv. Her ligg også eit behov for å vere med og spesifisere kva senteret i grunnen skal prioritere høgast: Kor vidt skal vi definere forteljekunst, og er her andre element immateriell kulturarv som bør vere med?

Formidlingskompetanse

Formidling er ein av grunnsteinane i MiSF, som i andre museum. Å dyrke kunnskap om og dugleik i formidling, med dette også forteljekunst, er viktig ressursutvikling for MiSF. Eg ser føre meg at vi her kan medverke til kompetanseheving langt ut over våre eigne grenser og verkeområde, til kollegaer og andre kulturaktivitetar- og institusjonar. Dette kan og bør vere eit forretningsområde for JSSF.

Administrativ og fagleg kapasitet

Å utvide MiSF med ein institusjon og fem til seks medarbeidarar er i seg sjølv ikkje noko krevjande øving så lenge der er ein viss administrativ kompetanse lokalt. Det er tvert i mot å utnytte stordriftsfordelar. Det er ikkje utenkjeleg at ei konsolidering her vil forsvare ein stilling ekstra administrativt, fordi vi er farleg nær ei grense med tanke på særleg økopnomifunksjonen.

Det viktigaste for å lukkast er at den faglege kapasiteten er til stades med ei varig finansiering.

**Administrativ plassering:**

Det er kanskje logisk at dette skal plasserast i avdeling for kunst. Slik eg vurderer det, er det slett ikkje sikkert at det er rett. Immateriell kulturarv femner svært vidt, og formidlingskompetanse er minst like viktig i eit tradisjonelt kulturhistorisk museum, som har eit vidt ansvar for formidlingsteknikkar.

Konklusjon:

Direktøren sitt syn er at vi arbeider vidare med utkast til intensjonsavtale, og kjem attende til styret med denne når han er klar.

Vedtak:

Styret tek saka til vitende, og ber direktøren komme attende med intensjonsavtale til drøfting når ein slik ligg føre.

Sak 8/2025 Dato for rådsmøte 2025
Jan Heggheim

Vedtak:

Rådet vert kalla inn til digitalt rådsmøte måndag 7. april kl 1000 - 1130



Sak 9/2025 Styregodtgjersle 2025 (orienteringssak)
Jan Heggheim

	Godtgjersle frå 1. januar 2024
Styreleiar	Kr 121 369 per år fram til og med 2025, når valperioden hans går ut, eller han trer av før valperioden sin slutt. I samband med val av ny styreleiar skal det gjerast vedtak om nytt honorarnivå før ny styreleiar blir valt.
Nestleiar	30 000 kr per år, det vert ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg
Styremedlem	3 000 kr per møte (normalt 5 møte per år) Gjeld berre dei møta der styremedlem er tilstades
Varamedlem	3 000 kr per møte Gjeld berre dei møta der varamedlem er tilstades med stemmerett
Medlem i valkomiteen	2 000 kr per møte Gjeld berre dei møta der medlem møter
Tapt arbeidsforteneste, dokumentert	4 000 kr per møte
Tapt arbeidsforteneste, udokumentert	1 500 kr per møte
Utleigg	Vert dekkja etter dokumentasjon
Reise	Vert dekkja etter dei satsane som elles gjeld for stiftinga

Vedtak:

Styret tek oversikta til vitende, og ventar at Rådet gjer vedtak om godtgjersle for 2025.

Sak 10/2025 Medarbeiderundersøking januar 2025
Björg Bolseth

Kvifor vert saka fremma:

Musea i Sogn og Fjordane gjennomfører to medarbeiderundersøkingar kvart år, ei i fullstendig i januar, og ei litt enklare i juni.

Vedtak:

Styret tek granskinga til vitende.

Sak 11/2025 Årsrapport 2024
Henning Hellebust

Vedtak:

Styret vedtek årsrapporten som Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane si melding til omgjevnadene frå året 2024.

This documents contains 9 pages before this page

Dokumentet inneholder 9 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 9 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 9 sider før denne side

Detta dokument innehåller 9 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmitteckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende